

---

**Fra:** Kathrine Aven Sætre <ktse@online.no>  
**Sendt:** 24. august 2017 13:29  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Høyring ang. Langøy og Ospeneset

## **Innspel til høyring - Langøy og Ospeneset**

### **Lydstøy og lysstøy:**

Vi stiller oss veldig skeptisk til utviding til dobbelt areal med tanke på lyd og lysstøy.

Utvidinga vil medføre dobbelt så mange merar, med tilhørande meir foring, reingjering via høgtrykkspyling, båttrafikk o.l.

Det minste ein kan gjere for å minske denne negative effekten, er å flytte forflåten ute av syne for fastbuande og for badevika i Skjelvika. Det vil seie at den må flyttast til nordvest av anlegget (motsatt side av i dag)

Dette må det vera krav om i frå dag 1, og ikkje liggje inne som noko som kan gjerast på sikt. Det vert for veikt!

### **0-alternativ**

0-alternativ som kun tek omsyn til slik anlegget er i dag, er også noko snevert. Slik vi ser det, er det klart at om ein utvidar litt etter litt, så vil kvar utviding medføre lite endring i frå førre utviding, men sett i forhold til slik det var før anlegget, vil det medføre ei enorm endring. Dette må det og vere lov til å reflektere over. Og som politikarar, bør ein også stille spørsmål til om det er ein rett måte å kun bruke eit slikt 0-alternativ.

### **Dyrevelferd**

Vi er heller ikkje enig i at det ikkje er ein negativ effekt for bruken av Langøy til sau og geit. Når du har eit landbruk så tett på eit industriområde, medfører det like mykje lyd og lysstøy for oss som ser til dyra og ferdast der. Det er heller ikkje vist at det ikkje har ein negativ effekt på dyra sin velferd.

### **Vidare planar**

Vidare reagerer vi også på at ved ei dobling av areal/ringar ift. biomasse fisk, kan det verke som det er ledig kapasitet på biomasse. Vi ser ikkje vekk ifrå at det då vert søkt om utviding av biomasse i neste omgang. Sjølv om det vart hevda av Eide Fjordbruk, på folkemøtet i Lindåshallen, at dette ikkje ville skje. Skeptisk!

### **Lukka anlegg**

Ein annan ting er å stille krav til næringa, og EideFjordbruk i denne saka, om lukka anlegg. Her saknar vi ein meir spenstig haldning frå politikarane. Her kan ein nok utfordre Eide Fjordbruk mykje meir.

Med helsing Kathrine Aven Sætre og Frode Sætre (Sundsbø, Lindås)